# Meland kommune

RBE SØKNADER RAGNVALD RASMUSSEN
Jordalsveien 17
5105 EIDSVÅG I ÅSANE

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Tore Johan Erstad | 17.02.2017 |
| Vår: 17/420 - 17/3083 | tore.johan.erstad@meland.kommune.no | |

## GBNR 28/18 - Førespurnad om status i byggjesak

| | |
|---|---|
| Tiltakshavar: | Ragnvald Rasmussen |
| Ansvarleg søkjar: | Rasmussen Bygg og Eigedom AS (RBE Søknader Ragnvald Rasmussen, Org nr 815 893 522) |
| Omsøkt tiltak: | Riving av fritidsbustad og oppføring av tomannsbustad |

Bakgrunn:

Kommuneadministrasjonen viser til brev av 18.12.2013 og 7.6.2013 knytt til ferdigattestering / bruksløyve for tomannsbustaden på gbnr 28/18.

Rammeløyve for tiltaket blei gitt 24.11.2008. Igangsettingsløyve blei gitt 18.2.2009. Reviderte teikningar blei godkjent 30.4.2010.

Det er ikkje gitt korkje mellombels bruksløyve eller ferdigattest på tiltaket. Det er heller ikkje søkt om ferdigattest.

Kommunen ber om orientering om status for tiltaket og opplysningar om årsaken til at tiltaket ikkje er ferdigstilt i samsvar med krava i plan- og bygningslova.

Krav for ferdigattest:

Før kommunen kan utstede ferdigattest må ansvarleg søkjar/tiltakshavar gjere følgjande:

- Orientere kommunen om ansvarstilhøva i saka
- Søke om ferdigattest
- Sende inn kontrollerklæringar som ikkje allereie er sendt kommunen, sjå vedlegg.

Oppfølging og ansvar:

Det er plan- og bygningslova sitt system at tiltakshavar sjølv i tillegg er ansvarleg for at krav stilt i eller i medhald av lova blir overhalde.

Dersom kommunen ikkje motteke ovannemnde informasjon/søknadsskjema innan **10.3.2017**, vil kommunen vurdere oppfølging av tiltaket i medhald av plan- og bygningslova kap 32 (ulovlege tiltak). Det synast å vere eit faktum at tiltaket er teke i bruk utan ferdigattest eller bruksløyve.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Anny Bastesen | Tore Johan Erstad |
| sektorsjef teknisk | Juridisk rådgjevar |

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
20170217112927

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Hans Erik Unneland | Håtuftvegen 25A | 5918 | FREKHAUG |